



Vår ref:
16/2877-49

Dykkar ref.

Dato:
30.01.2019

Rapport om arbeidet med prosjektet "Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde i Stryn kommune"

Innleiing

Stryn kommune har kartlagt og verdsett friluftslivsområde i kommunen i 2017 og 2018. Bakgrunnen for arbeidet er eit nasjonalt prosjekt i regi av Miljødirektoratet, med utgangspunkt i den nasjonale strategien for eit aktivt friluftsliv.

Vi skal sikre friluftslivsområde for brukarane i dag og i framtida, vi skal ivareta og utvikle god tilgang til friluftslivsområde og vi skal ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv. For å få til dette må vi identifisere, utvikle og ta vare på areal for friluftsliv. Då er det først og fremst viktig å få ei oversikt over kva friluftslivsområde som eksisterar.

Metode

Ei arbeidsgruppe med faste medlemar frå ulike lag, organisasjonar og også privatpersonar har jobba med prosjektet. I tillegg har fleire med god kjennskap om temaet i dei ulike delane av kommunen vore med i kartleggingsarbeidet ved behov.

Resultat

Til saman 317 friluftslivsområde er kartlagde og verdsette, men lista over friluftslivsområde er ikkje nødvendigvis uttømande. Det er også viktig å merke seg at vi har kartlagt ein «no-situasjon» for noko som er dynamisk – friluftslivsområda våre er i stadig endring.

Dei kartlagde og verdsette friluftslivsområda er fordelte slik på **områdetype**

Type område	Tal område	Prosent
Grønkorridor	119	38
Leike- og rekreasjonsareal	83	26
Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag	41	13
Store turområde utan tilrettelegging	26	8
Særlege kvalitetsområde	20	6
Nærturterreng	13	4
Utfartsområde	10	3
Andre friluftsområde	3	1
Jordbrukslandskap	1	0,5
Marka	1	0,5
Sum	317	100

Dei kartlagde og verdsette friluftslivsområda er fordelte slik på **verdi**

Verdi	Tal område	Prosent
Svært viktig friluftslivsområde – A	156	49
Viktig friluftslivsområde – B	133	42
Registrert friluftslivsområde - C	28	9
Sum	317	100

Prosjektet har resultert i eit kart med tilhøyrande informasjon om kvart område.

Bruk

Kartet er ikkje eit turkart, men skal primært nyttast som eit verktøy og kunnskapsgrunnlag i den offentlege planlegginga og forvaltinga. No har vi identifisert kva friluftslivsområde vi har, og ikkje har, og skal bruke denne kunnskapen til å utvikle og ta vare på areal for friluftsliv. Områda er likevel ikkje å sjå på som «bandlagde».

I tillegg håpar vi at også innbyggjarar, tilreisande, lag og organisasjonar kan finne nytte av informasjonen i kartet.

Kartet med tilhøyrane informasjon er ikkje juridisk bindande, og vi står difor nokså fritt i høve til revidering. Behovet for revidering vil i framtida bli drøfta på same tid som kommuneplanen sin arealdel skal reviderast. I tillegg vil kartet med tilhøyrande informasjon kunne reviderast fortløpande dersom direkte feil eller manglar vert oppdaga.

Prosjektet er no avslutta, og resultatet kan du sjå på Miljødirektoratet si nettside www.naturbase.no
Rettleiing til nettsida finn du vedlagt.

Helsing

Stryn kommune, Avdeling plan og næring

Åse-Berit Nytun

fagkonsulent arealplanlegging og skog

57874719

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Forklaring til www.naturbase.no

1405736

28.01.2019